

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Tom Solemdal

Dykkar ref.**Sakshandsamar:**

Siril Sylta

Gaupåsvegen 251
5265 YTRE ARNA**Vår ref.**2013/2728 - 0 -
1272/2014**Telefon****Arkivkode:**
196/155**Dato:**
17.01.2014*Deleget sak***Avvisning av klage på gebyr - gbnr 196/155 Midtgård**

Det vert vist til din klage på gebyr sendt pr. e-post 16.12.2013.

Bakgrunn:

Lindås kommune har motteke klage på gebyr i e-post den 16.12.2013. Klagen gjeld gebyr for handsaming av søknad om planering av tomt og oppføring av støttemurar.

Det vart sendt inn søknad om planering av tomt og oppføring av støttemurar motteken her 09.08.2013. Lindås kommune gav avslag på søknad om ansvarsrettar i vedtak datert 12.09.2013. Vedtaket vart påklaga i skriv motteke 01.10.2013. På bakgrunn av innhald i klagen m.m. vart det gjeve løyve til omsøkte tiltak i vedtak datert 06.12.2013. I løvret vart det gjeve samla gebyr på kr. 19.000 som skildra under:

C.5.2.p Terrenginngrep 9.600
C. 5.2.n Støttemur over 3,0 m høgd 7.000
C.5.3.1 Lokal godkjenning ansvarsrett 2.400

Totalt gebyr å betala 19.000

Klage:

I klagen står det:

«Ref. telefonsamtale fredag 13.12.13 sender jeg her en klage på gebyr som jeg er pålagt da jeg mener dette må være feil.

jeg har søkt om Anlegg C.5.2S og det er et gebyr på dette på 9600 kr.

Gebyrene som jeg er pålagt av dere er vesentlig terreng inngrep 9600 kr + 7000 kr i gebyr for mur. Dette må være feil, tomten ligger i området som er regulert ferdig til byggefelt og det er kun søkt om tiltak som ligger innenfor reguleringsplan.

Ser du på dette og kommer med en tilbakemelding.»

Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetje gebyr for tenester/arbeid som ein utfører etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knyte direkte opp mot ulike tenester.

Det følgjer av forvaltningslova § 28 1.ledd at enkeltvedtak kan påklagast. I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav a, jf. b et eit einskildvedtak ei avgjerd som vert treft under utøving av offentleg myndighet og som gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar. I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er

avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebrysatsar så framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å ta avgjerd om kva gebyr som skal ileggast i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjerningar.

I denne saka er det søkt om planering av tomt og oppføring av støttemur. Administrasjonen kan ikkje sjå at det har vore knytt faktisk eller rettsleg tvil kring fastsetjinga av det gebyret som skal betalast i saka, og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Administrasjonen kan heller ikkje sjå at det er av betydning for saka at tomta ligg i eit område som er regulert ferdig til byggefelt og at det kun er søkt om tiltak som ligg innanfor reguleringsplan. Administrasjonen har ikkje gjeve gebyr for dispensasjon frå reguleringsplan.

Betalingsplikta har ikkje oppstått som ei følgje av ei individuell avgjerd frå forvaltninga, og fastsatt gebyr kan ikkje reknast som eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl § 28 1.ledd. Klagen må difor avvisast, jf. fvl § 33 2.ledd siste setning.

Vedtak:

Klage på gebyr datert 16.12.2013 vert avvist, jf. forvaltningslova § 33 2.ledd siste setning, jf. § 28 1.ledd.

Klagerett:

Vedtak om å avvise klagen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til overordna forvaltningsorgan innan 3 veker, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. Det skal gå fram kva vedtak som vert påklaga og kva endring(er) ein ønsker. Klagen skal grunngjevast og signerast av klager eller hans fullmektig.

Orientering:

Det vert med dette orientert at det med heimel i gebyrregulativet for 2013 er det i punkt A4 er mogeleg og søkje om redusert gebyr når det ligg føre «særleg grunn». I ein slik søknad må det gå fram kva tilhøve ein meiner stettar krava til særleg grunn i den konkrete saka. Dette til orientering.

Med helsing

Siril Sylta
konstituert fagleiar